

Styremøte SFSG 18.08.23 på Stad Hotell

Tilstades: Ragnhild Sæle, Anne Inger Moen, Jo Risløv, Ole Bjarne Hovland og Solgun Haugen

Ikkje tilstades: Erlend Brede Fossen

Kl 12 – 19.15

Sak 37/23 Kort gjennomgang av tidlegare styremøtereferat, som ikkje er godkjent.

Styret gjekk gjennom tilsendt møtereferat som ikkje er godkjent tidlegare før dei vert sendt til publisering.

Sak 38/23. Tilbakemelding styremedlemmane på kva dei har delteke på sidan førre styremøte.

Ragnhild – møte med Statsforvaltaren om beite i utmark

Jo – møte i utval for mjølkegeit 16.8

Anne – ingenting

Solgun – ingenting

Erlend – ikkje til stades på møtet

Ole Bjarne – ingenting

Sak 39/23. Oppdatert rekneskap

Styret tek rekneskapen til etterretning.

Sak 40/23. Eventuelt «Nytt» frå Avlsutval sau, Gjetarhundnemnda, Utval for mjølkegeit

Avlsutval for sau – det har ikkje vore møte i avlsutvalet. Det skal vera dommarkurs hjå Tom Idar Kvam 28.august.

Gjetarhundnemnda – dette må utsetjast til neste møte

Utval for mjølkegeit – hadde møte 16.august. Vil prøva å arrangera geitehelg ein av dei to siste helgane i november. Det er avklart kva ein ynskjer på tema. Har begynt å jobba med brev til NSG om utfordringar med byllesjuke på sau og smittefare til geiter. Ferdig brev må sendast via styret i SFSG.

Sak 41/23. Handsaming av søknadar om midlar til aktivitet i lokallag.

Det kom søknadar frå tre lokallag innan søknadsfristen 15.august;

- Lærdal – grunnkurs gjetarhund
- Luster – tur til Nortura Førde
- Luster – sosial kveld med team rovdyr

Det kom inn søknadar frå to lokallag etter søknadsfristen.

Styret gjekk gjennom innkomne søknadar og gjorde fylgjande vedtak/løyvingar:

- Solgun gjekk frå som ugild under handsaming av søknaden frå Lærdal Sau og Geit. Resten av styret gjorde fylgjande vedtak;

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

- Me syner til søknad frå Lærdal Sau og Geit motteken 10.08.2023 om stønad til aktive lokallag. Søknaden gjeld stønad til gjetarhundkurs. Dette er eit positivt tiltak for næringa. Ut frå dokumenta me har motteke går det fram at instruktøren har fakturert deltakarane direkte. Styret i SFSG tolkar det då slik at det er instruktøren som har arrangert kurset. Årsmøtet har løyvd midlar til «aktive lokallag», dvs aktivitet i regi av lokallaga. I fylgje lagslovene til NSG § 2 siste ledd heiter det at : «All aktivitet i regi av NSG skal organiserast av NSGs lokal- eller fylkeslag, NSG sentralt eller den/dei som lagsapparatet til NSG gjev i oppdrag å gjennomføre arrangement.» SFSG kan ikkje stø eit arrangement som er i regi av privatpersonar. Det vert difor ikkje løyvd pengar til tiltaket.
- Styret i SFSG meiner tiltaket til Luster Sau og Geit er eit godt tiltak innanfor vilkåra til ordninga og løyver 60 % av totalkostnaden – kr 7056,-
- Styret i SFSG meiner tiltaket til Luster Sau og Geit er eit godt tiltak innanfor vilkåra til ordninga og løyver 60 % av totalkostnaden – kr 3075,-

Sak 42/23. Innkreving av kåringsavgift 2023.

Styret diskuterte korleis ein skal organisera innkreving av kåringsavgift for 2023. Om ein skal køyra same opplegg som tidlegare år eller la NSG sentralt krevja inn kåringsavgifta frå medlemmane/lokallaga direkte.

Styret vedtok å prøva sentral innkreving av kåringsavgifta for 2023.

Sak 43/23. SFSG - Nortura. Korleis kjem vi ut, samanlikna med andre fylkeslag? Er det noko som bør endrast på?

Styret diskuterte korleis Nortura støtta SFSG jf andre fylkeslag. Det er ulike ordningar i dei ulike fylkeslaga. Frå sponсар, til fast beløp, til fast sekretær, til vist mykje pr medlem.

Styret bestemt at ein må undersøkja meir før ein gjer noko vedtak i saka.

Sak 44/23. Teams møte for sentralt tillitsvalde 22.08.23.

Styret gjekk gjennom problemstillingane som kjem opp på Teams møte for sentralt tillitsvalde 22.8.23, slik at den som møter veit kva tilbakemelding han skal koma med på møte frå SFSG.

Sak 45/23. NSG sin kampanje «Kjøtt i skole». Gjennomføring i vårt område?

Styret er oppmoda frå NSG sentralt om få til minst tre arrangement innan «Kjøtt i skole» i kvart fylke. Styret diskuterte korleis ein skal gjera dette i Sogn og Fjordane. Ein bør prøva å få til ein ting i kvar region.

Sak 46/23. NSG sin vervekampanje. Gjennomføring i vårt område.

Styret diskuterte saka. Me sender informasjon om vervekampanje til alle medlemmer.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

Sak 47/23. Gjennomgang av svar frå NSG på diverse spørsmål. Eventuell vidare oppfølging.

Styret gjekk gjennom svaret som er kome frå NSG på diverse spørsmål SFSG har sendt til administrasjonen/styret i NSG. SFSG vil leggja fram svaret på årsmøte i 2024. I tillegg vil SFSG leggja fram ei sak til årsmøte i NSG ang vedtektsendring §6 – tidspunkt for registrering av medlemmar. Medlemmar innmeldt etter 15.november gratis ut året. Strykast/slettast att vist ikkje betalt kontingenten innan fristen.

Sak 48/23. Haustsamling 2023/Markering av 75 års jubileum. Status pr no. Invitasjon – fordeling av oppgåver. Korleis få fleire lokallag til å delta?

Styret diskutert haustsamling 2022 inkl markering av 75 års jubileum i samband med denne. Haustsamling vert på Thon Hotel Jølster 3-4.novmeber.

Sak 49/23. Innspel jordbrukstingingane 2024. Organisering, gjennomføring og tidsplan.

Styret sette opp utkast til arbeid med innspel til jordbrukstingingane 2024.

Styret i SFSG bestemte at utval for mjølkegeit får ansvar for innspel mjølkegeit, og Anne og Ole Bjarne får ansvaret for sau. Innspel til jordbrukstingingane vert sak på haustsamlinga.

Sak 50/23. Årsmøte 2024. Tid og stad. Program fagdag. Fordeling av arbeidsoppgåver.

Styret i SFSG vedtok at årsmøte vert 1.mars 2023 med fagdag 2.mars. I utgangspunktet vert årsmøte på Thon Hotell Jølster.

Sak 51/23. Beitesesongen 2023 – kva veit vi so langt.

Styret gjekk gjennom status for beitesesongen pr no med det me veit. Virkar til å vera ein bra sesong med tanke på rovdyr. Avgjerande at det vert gjort uttak kvart år.

Referent; Solgun Haugen.